



Reknes byggjevarer L.L  
Selvåg  
5986 HOSTELAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3177 - 14/27409

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
12.12.2014

## Mellombels bruksløyve gbnr bustad på 139/47 Tveiten nedre.

### Administrativt vedtak. Saknr: 391/14

**Tiltakshavar:** Katrine Thomassen  
**Ansvarleg søkjar:** Reknes Byggjevarer LL  
**Søknadstype:** Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

### SAKA GJELD

Det er søkt om ferdigattest for riving av eksisterande hytte og oppføring av ny bustad på gbnr 139/47, jf søknad mottatt 20.11.2014.

Ansvarleg har erklært at tiltaket er ferdigstilt og gjennom dette stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 25.04.2013.

### VURDERING

Søknaden om ansvarsrett for uavhengig kontroll av lufttettleik og våtrom frå føretaket DAK Partner AS, vart ved ein inkurie ikkje handsama då byggjeløyvet vart gitt. Kommunen vurderer at omsøkte ansvarsrett ikkje kan godkjennast i etterkant då krava til uavhengighet for kontrollerande føretak ikkje er stetta. I samsvar med samtale med ansvarleg søkjar 09.12.2014 finn kommunen i dette tilfelle å kunne gje mellombels bruksløyve på vilkår av at det vert send inn ny søknad om ansvarsrett frå føretak som kan godkjennast for uavhengig kontroll før det vert gjeve ferdigattest for bustaden. I tillegg må kopi av løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå fylkesvegen sendast inn, jf kommunen sitt skriv datert 02.05.2013.

Frist for innsending av ferdigattest vert sett til 15.06.2015.

### Skildring



Adresse:	Skarsvegen 65
Bygningstiltak:	Riving av hytte med bygningsnummer 176 256 028 Oppføring av bustad med bygningsnummer 300 474 518
Bruksareal:	200
Avløp:	Privat
Vatn:	Offentleg
Tal på røykløp:	1

## VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for bustad på gbnr 139/47 på følgjande vilkår:

1. Det må sendast inn ny søknad om ansvarsrett for kontroll frå uavhengig føretak før ferdigattest kan gjevast.
2. Kopi av løyve til utvida avkjøring frå fylkesveg må sendast inn før ferdigattest kan gjevast.
3. Ferdigattest skal liggje føre innan 15.06.2015.

### Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vera tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/4655.

### GEBYR

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
------	-----------	-----	-----

10.2.8	Mellombels bruksløyve	1	Kr 2 800,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 2 800,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

### Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Tor Hegle  
einingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Katrine Thomassen                      Skarsvegen 65                      5911                      ALVERSUND

### Mottakarar:

Reknes byggjeverar L.L                      Selvåg                      5986                      HOSTELAND